

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga, med slikt tillegg:

- Fylkeskommunen må sørge for at det er avgang med flybuss til/frå Valderøy på alle hurtigbåtanløp på Valderøy.

TILRÅDING:

Sande Kommunestyre viser til i saksframstillinga, og bed om at:

- Fylkeskommunen vurderer om Garnes er tilstrekkelig utnytta som ”trafikknutepunkt”.
- Fylkeskommunen gjer tiltak som sikrar betre samvirke mellom aktørar slik at skuleskyssordninga for den vidaregåande skulen kan verte meir effektiv for elevane.
- Fylkeskommunen vurderer ordningar der både bussnæringa og drosjenæringa vert sett i samanheng for å gi eit betre kollektivtilbod i distrikta.
- Fylkeskommunen vurderer dei konkrete innspela til rutejustering frå Kvamsøy bygde- og næringslag m/ fleire.
- Fylkeskommunen må sørge for at det er avgang med flybuss til/frå Valderøy på alle hurtigbåtanløp på Valderøy.